

Referat møte i språkpolitisk utval

Stad: Møterom Utsikt, Kommunikasjonsavdelinga, Nygårdsgaten 5

Tid: Onsdag 2. oktober 2024 klokka 1000

Møtte: Marita Kristiansen, Endre Brunstad, Rune Johan Krumsvik, Anna Svingen-Austestad, Ingrid W. Solhøy, Ida Bergstrøm (sekretær)

Frafall: Rasmus Tennøe Loe

Dagsorden:

Sak 11/24: Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjend utan merknader.

Orienteringssaker

Sak 12/24: Nettseminar med rettleiing om dei språklege pliktene etter UH-lova

- HK-dir, Termportalen og Språkrådet arrangerer 31. oktober kl. 9-10 eit ope nettseminar om dei språklege pliktene som følgjer av UH-lova §2.3 *Norsk og samisk fagspråk*, Prop. 126L (2022-2023). Seminaret blir retta mot instituttleiarar og tilsvarande.
- Språkpolitisk utval kom i møtet fram til at utvalsleiar vil be universitetsleiinga oppmode instituttleiarar til å delta på nettseminaret.

Sak 13/24: Arbeidsgruppe ved LLE

- Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar (LLE) opprettar arbeidsgruppe som skal utvikle lokal rettleiar for parallellspråklegheit.
- [Mandatet](#) for arbeidsgruppa er blant anna å kartlegge noverande praksis og behov for språkbruk blant tilsette ved LLE, i kva situasjonar parallellspråkbruk vil vere nyttig, og å utvikle retningslinjer for parallellspråkbruk på norsk og engelsk.
- Leiar for arbeidsgruppa vil vere Marianne van Baar.
- Språkpolitisk utval ser fram til å lese resultatet frå kartlegginga til arbeidsgruppa, særleg med tanke på at desse kan ha overføringsverdi for andre einingar ved UiB.

Sak 14/24: Søknad om senter for norsk fagspråk sendt Forskingsrådet

- UiB har sendt søknad om midlar til oppretting av eit [senter for norsk fagspråk](#) (ref. Sak 05/24). Søknaden omfattar sju arbeidspakkar og heile 47 forskarar, inkludert

rekrutteringsstillinger, og vel 50 brukarpartnerar, alt frå offentleg forvaltning til private verksemdar.

- I tillegg vil ei rekkje internasjonale forskarar samarbeide med oss, og også sentrale forskingsmiljø i Norden og Europa. Svar på søknaden er venta i mars 2025.

Sak 15/25: Plan for språkbruk under Universitetsmuseet i Bergen sitt 200-årsjubileum

- Prosjektgruppa som planlegg feiringa av UiBs 200-årsjubileum ønsker å lage ein gjennomtenkt plan for korleis kommunisere samfunnsoppdraget og historia til UiB både i Noreg og internasjonalt gjennom ei rekkje arrangement. I samband med det vil dei òg sjå på kva prinsipp dei skal bruke for parallellspråkbruk i dei ulike kommunikasjonssituasjonane.
- Arbeidsgruppa blir leia av Jørgen Thune Johnsen ved Kommunikasjonsavdelinga.
- Leiar vil halde kontakten med Thune Johnsen vidare vedrørande materialet som produserast i samband med jubileet.

Drøftingssaker

Sak 16/24: Gjennomgang av [Mandat for språkpolitisk utvalg ved Universitetet i Bergen](#)

- Mandatet for språkpolitisk utval vart vedtatt i 2019. Etter den tid har me fått språklov og endringar i UH-lova med tilhøyrande forskrifter, samt ein handlingsplan for norsk fagspråk i academia. Dette talar for ein aktiv bruk av UiB sitt rådgjevande utval for språkpolitikk.
- Samtidig er rapporteringsstrukturen nokså vagt formulert i mandatet gjennom formuleringar som “Utvalget skal gi årlig rapport om UiB språkpolitiske virksamhet. Utvalget rapporterer til universitetsledelsen”, og utan klare rutinar for involvering i form av å vere t.d. intern høyringsinstans i språkpolitiske spørsmål samtidig som utvalet skal ha “oversikt over og gi råd”.
- Spørsmål til drøfting:
 - Rutinar for involvering
 - Innspel frå UiB-miljøa vedrørande språkpolitiske spørsmål

I saksframlegget går det fram at leiar vurderer at det er eit behov for klargjering av mandatet til utvalet, samt av linjene til og frå universitetsleiinga.

I den vidare drøftinga blei det ytra ønske om klarare rutinar for innspel til og frå organisasjonen. Språkpolitikk står sentralt i delar av arbeidet til HR, og utvalet ser det som hensiktsmessig å styrke dialogen med avdelinga.

Utvalet ser også eit behov for klarare kontaktflater mot universitetsleiinga.

Vedtaksaker

Sak 17/24: Kontaktpunkt med rektoratet

I mandatet til Språkpolitisk utval står det at ein skal vere “universitetets rådgivende utvalg for språkpolitikk og fremme bevissthet om språkpolitiske spørsmål”.

Ifølge referatet til møte i Språkpolitisk utval datert 16.05.24 heiter det at “Språkpolitisk utvalg og de språkpolitiske retningslinjene ved UiB mangler tydelig forankring i universitetsledelsen”.

Per no er det ingen formelle kontaktpunkt eller med leiinga.

Vedtak: Språkpolitisk utval ber leiar Marita Kristiansen ta kontakt med universitetsleiinga for å få utnemnd ein konkret person i rektoratet som skal fungere som kontaktpunkt for Språkpolitisk utval.

Sak 18/24: Utviding av utvalet med nytt medlem

I regelsamlinga til UiB står det at “Språkpolitisk utvalg oppnevnes av rektor for tre år av gangen og består av inntil ni medlemmer. Utvalget skal være bredt sammensatt og ha god faglig bredde”. Slik samansetninga til utvalet er no, det fleire fakultet som ikkje er representerte. Ved Det medisinske fakultet er det ei stor interesse for språkpolitiske spørsmål.

Vedtak: Marita Kristiansen får fullmakt til å be rektor utnemne ein medlem frå Det medisinske fakultet, subsidiært eit av dei øvrige fakulteta som per no ikkje er representerte i utvalet. I tillegg blir det bedt om ein medlem frå HR-avdelinga.